



Arkivnr: 2014/16551-1
Saksbehandlar: Sølve Dag Sondbø

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		03.06.2014
Fylkesutvalet		19.06.2014

Regional plan for vassregion Vest-Viken - utsending på høyring

Samandrag

Den regionale planen for vassregion Vest-Viken er ein plan etter vassforskrifta. Delar av kommunane Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Odda ligg i vassregion Vest-Viken og planen handsamast derfor politisk også i Hordaland fylkeskommune før utstending på høyring. Alt Hordaland sitt areal i planen for vassregion Vest-Viken er på Hardangervidda aust for vasskillet. Mye av dette arealet har få påverknader og god vasskvalitet.

Tiltaksprogrammet for Vest-Viken har få tiltak i Hordaland. Det er framlegg om førebyggjande tiltak for å hindre at ørekyte spreiar seg til nye vatn og vassdrag. Dette er særleg viktig for å unngå at ørekyte spreiar seg til vestlege delar av Hardangervidda, noko som ville gå utover aure i området. Elles har Ulevåvatn i Odda kommune to tiltak; Statens vegvesen skal sjå på tiltak for å reinse vaskevatt frå tunnelvask og det er framlegg om å formalisere ein tapperestriksjon som regulanten til no har gjort frivillig av omsyn til ferdsel på ski og landing av sjøfly.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å senda på høyring forslag til Regional plan for vassregion Vest-Viken, 2016-2021 med regionalt tiltaksprogram, handlingsprogram og overvåkingsprogram.
2. Høyringsperioden vert 1.7 – 31.12. 2014.

Johnny Eriksen
fung. fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

1. Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021
2. Handlingsprogram for vannregion Vest-Viken 2016
3. Regionalt tiltaksprogram i vannregion Vest-Viken 2016-2021
4. Regionalt overvåkingsprogram for vannregion Vest-viken

Fylkesrådmannen, 15.05.2014

Vassdirektivet er eit rammedirektiv som EU gjorde gjeldande 22. desember 2000. Vassdirektivet vart gjort til ein del av EØS-avtalen i 2007 og legg rammer for all vassressursforvaltning i EØS-området. For å følgje opp direktivet vedtok Noreg i 2007 «Forskrift om rammer for vannforvaltningen» (Vassforskrifta) som er heimla i forureiningslova, plan- og bygningslova og vassressurslova. Denne forskrifta gjev føringar for korleis Noreg skal gjennomføre arbeidet med heilskapleg vassforvaltning.

Det skal lagast regionale planar med tilhøyrande regionale tiltaksprogram for kvar av dei 11 vassregionane i Noreg. Grensene for vassregion Hordaland følgjer i hovudsak fylkesgrensene, men med nokre unntak. Delar av Odda, Ullensvang, Eidfjord og Ulvik ligg i vassregion Vest-Viken.



Figur 1 Kart over vassregion Vest-Viken

Arealet i Hordaland sin del av Vest-Viken vassregion ligg i 3 vassområde.

Vassområde	Kommune med areal i vassområdet	Tiltaksanalyse	Tiltakstabell
Hallingdal	Ulvik	Hallingdal - analyse	tiltakstabell
Aust-Telemark	Eidfjord, Ullensvang, Odda	Aust-Telemark analyse	tiltakstabell
Tokke-Vinje	Odda	Tokke-Vinje analyse	tiltakstabell

Tiltaksprogrammet for Vest-Viken har få tiltak i Hordaland. Det er framlegg om førebyggande tiltak for å hindre at ørekyte spreiar seg til nye vann og vassdrag. Dette er særleg viktig for å unngå at ørekyte spreiar seg til vestlege delar av Hardangervidda, noko som ville gå utover aure i området. Elles har Ulevåvatn i Odda kommune to tiltak; Statens vegvesen skal sjå på tiltak for å rense vaskevatt frå tunnelvask og det er framlegg om å formalisere ein tapperestriksjon som regulanten til no har gjort frivillig av omsyn til ferdsel på ski og landing av sjøfly.

Planen for Vest-Viken består av fire dokumentpakker:

1. Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021
2. Handlingsprogram for vannregion Vest-Viken 2016
3. Regionalt tiltaksprogram i vannregion Vest-Viken 2016-2021
4. Regionalt overvåkingsprogram for vannregion Vest-viken

Fylkesrådmannens vurdering:

Planarbeidet er gjennomført i samsvar med og etter tidsplanen i planprogrammet og byggjer på eit godt kunnskapsgrunnlag. Planen er i samsvar med krava i vassforskrifta og plan- og bygningslova for utarbeiding av regional plan for vassregionen

Framlegget til plan for Vest-Viken vassregion er lite kontroversielt for Hordaland sin del.

Fylkesrådmannen tilrår forslaget til Regional plan vassregion Vest-Viken og tilhøyrande dokument vert lagt ut på høyring med høyringsperiode 1. 7 - 31.12. 2014.